

Representanten **Marthe Hammer** har stilt slike spørsmål:

Har det vore gjort noko som helst av utgreiing og møte med Bergen kommune sidan saka var oppe til politisk handsaming i 2018?

Hausten foreslo fylkesrådmannen igjen at linja skulle verte nedlagt i budsjettet for 2020, men servicelinja vart vidareført i budsjettet frå fleirtalspartia med følgjande budsjettkommentar:

"Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårleg busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerer og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbudet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbudet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda."

**Spørsmål til samferdsledirektøren:**

- Kva er status for arbeidet opp mot Bergen kommune i forhold til ein idedugnad/workshop om servicelinja?

Er det satt dato?

- På kva måte vil politkarane verte involvert i denne workshopen og arbeidet opp mot Bergen kommune?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

I tråd med vedtak knytt til avslutting av Servicelinjene i Bergen (PS 261/2018 i Fylkesutvalet), er det gjennomført ei utgreiing av behov og løysingar for denne brukargruppa i samarbeid med Bergen kommune. Det vil etter planen bli lagt fram sak om dette og mogleg vidareføring av Servicelinjene i løpet av 1. halvår 2020. Saka vil og omhandle prosess og arbeidet opp mot Bergen kommune.